

# Festningen på Tittelsnes



Område der Tittelsnes Fort ligg i dag, var før 2. verdenskrig urørt utmark, som tilhørte gardane Gramshaug og Hauge.

Alt før invasjonen i 1940 hadde nok tyskarane merka seg dette området som ein strategisk stad for å kontrollera skipstrafikken på Bømlafjorden. Berre nokre dagar etter invasjonen den 9.april, kom dei første tyskarane til Tittelsnes. Fleire følgde på etterkvart. Mange av dei som budde på vestsida av bygda måtte flytta ut av husa sine. Tyskarane tok husa deira i bruk saman med bedehuset.

Sjølve arbeidet med å opparbeida festningsområdet kom truleg ikkje i gang før på våren 1941. Haugesundsfirma Stoltz Røthing var ansvarleg for byggjearbeidet. Men arbeidsfolka var stort sett frå nærområdet. Om lag 30 mann frå starten, seinare truleg fleire.

Utanom alt anlggsarbeid, som vart gjort på festningsområdet, vart det til saman bygd 12 større og mindre brakker. Seks av brakkene står framleis. Anleggsarbeidet varte om lag eit par års tid.

Dei første åra var der 200 soldatar på Tittelsnes. Då krigen var slutt var der 70.

Festningen hadde 3-4 kanonstillingar og nokre luftskyts

Heile området var under krigen inngjerda med kraftig, tett piggråd i tillegg til strengt vakthald.

Då krigen var slutt, 8.mai 1945, overtok Heimevernet ansvaret for festningsområdet.

Dei første åra brukte Sjøheimevernet området til kurs og øvingar, seinare har (land)-Heimevernet (HV 09) disponert området og har det framleis. Bygningane har vore godt vedlikehaldne ,fornya og påkosta ein god del.